

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

## Fastelavnssundag - 10. februar 2013

Preiketekst: Luk 18, 31-34

Lesetekst I: Jes 52,13-15

Lesetekst II: 1 Tim 1,1-6a

## Opphøgd gjennom fornedring

### "Tvert imot"-sundagen

Tekstane på fastelavnssundagen legg opp til "tvert imot"-sundag. Jesajateksten er mest "tvert imot", for framgangen til *tenaren* skal først bli veldig stor (v.13), og så viser det seg at *tenaren* skal så langt ned at han ikkje liknar nokon ting, ikkje menneske i alle fall (v.14). Til og med kongane og folkeslaga (det internasjonale samfunnet) skal mangla ord (v.15). Leseteksten frå 1 Tim er "tvert imot" utifrå eit anna perspektiv: Forfattaren har sete mykje i fengsel på grunn av menneskerettsbrot i samhandling mellom eit mektig imperium og separatistar, og så skriv han at det er veldig viktig å be og takka for alle menneske og for alle med samfunnsansvar, diktatorar inkludert. Stemmer det at brevet blei skriva tidleg i -60-åra, så var den med høgst stilling då Paulus skreiv dette, ein keisar i Roma ved namn Nero. Då var det berre å be for dei som i dag har teke opp arven etter Nero...

Preiketeksten er ikkje mindre "tvert imot". Dei er på veg til Jerusalem med det flotte tempelet, staden for Guds nærver, for å feira frigjeringshøgtida framfor andre: Pesach (påske). På vegen refererer Jesus til profetane, dei som ofte har tala om tider då kvar enkelt skal sitja under sin vinstokk og sitt fikentre utan at nokon kan skremma dei (Mi 4,4). Men Jesus seier at det skal bli spott, mishandel, spytting, pisking og dreping, og som om ikkje det var ille nok, så skal denne vanæra endåtil utførast av heidningefolka. Læresveinane skjøna sjølv sagt ikkje dette. Det er "tvert imot".

Førsteimpulsen vi får då vi tenkjer kva Gud "burde gjera og meina" angående anten det eine eller det andre, treng ikkje vera i samsvar med kva Gud sjølv faktisk gjer og meiner.

### Kvifor gjekk Jesus til Jerusalem?

Jesus gjekk til Jerusalem, sjølv om han visste kva som ville skje. Eller gjekk han nettopp fordi han visste kva som skulle skje?

Det var ikkje tilfeldig at Jesus gjekk mot nettopp Jerusalem, der tempelet stod, tempelet der dyr gjennom fleire hundreår hadde blitt tekne livet av og brent opp på altaret i slike mengder at det er vanskeleg å forestilla seg. Alle dyra missa livet "i staden for" den som hadde synda eller var urein på anna vis. Påskelammet blei ofra i Egypt "i staden for" den førstefødde i kvar familie og på vegnar av dei som var slavar.

I resten av tenarsongen i Jes 52,13-53,12 er det tydeleg at tenaren skal lida for synder, og at han til og med blir kalla eit skuldoffer (Jes 53,10), noko menneske elles ikkje blir kalla i Bibelen.

Sjølvsagt kan ein – med rette – analysere det politiske spelet rundt Jesus og setja inn rettssaka mot og krossfestinga av Jesus i den historiske konteksten, men det blir likevel ikkje ein analyse som dekkar forholda: Jesus gjekk til Jerusalem sjølv om han visste kva som skulle skje. Han gjekk opp til Jerusalem, meir på grunn av dei eldgamle jødiske profetane og meir på grunn av sitt eige kall, og mindre på grunn av politiske tyngdelover.

Forslag til avsnitt som fortel eksplisitt om motivasjonen til Jesus, som berre er implisitt i preiketeksten: Joh 10,11-18; Rom 5,8; 1Pet 1,17-21.

Den kanskje aller beste måten å fortelja om motivasjonen til Jesus, kan vera i tilslutning til Matt 1,21 på hebraisk: "Jesus" heiter på hebraisk "Yeshua" og "frelse" på hebraisk liknar veldig: "yeshu'a".

### **Vi må få det openberra**

Læresveinane får ikkje veldig god karakter i preiketeksten. "Dei skjøna ikkje noko av dette." I Matt 16,21-23 fekk læresveinen Peter ein enda hardare kritikk for ikkje å forstå Guds plan. Generelt er det slik at vi menneske forstår stykkevis (1 Kor 13,12) og særleg når vi skal prøva å forstå Guds mysterium (Rom 16,25-27; 2 Kor 2,9-10; Ef 3,4-6; Kol 1,27) er det lite og ingenting ein læresvein kan forstå utan at det blir openberra og forklart for oss. Det er framleis mange ting i Guds plan Jesus sine læresveinar diskuterer og ikkje skjønar, og slik vil det nok vera heilt til Gud sjølv viser detaljane for oss.

For Jesus er det likevel klart at "vi" reiser mot Jerusalem, det vil seia han drog saman med dei tolv. Ein treng ikkje forstå alt for å få lov til å delta i Jesus sitt prosjekt.

Det betyr ikkje at soningsdøden til Jesus og Guds frelsesplan skulle vera "ulogisk". I etterkant av at Jesus både blei fornødd på korset og deretter opphøgd ved oppstoda frå dei døde, gir det meining å seia at *tenaren* i Jes 52 skal ha framgang, skal opphøgjast, og likevel seia at vegen gjekk via å bli eit skuldoffer. I forkant verkar det ulogisk, men i etterkant gir det meining. Jesus inviterer oss til å bli med på prosjektet hans, i etterkant av kva han har allereie har gjort, og i forkant av kva han vil utføra, sjølv om vi læresveinane ikkje har oversikten.

### **Andreas Johansson**

Stedleg representant i Israel for Den Norske Israelsmisjon

[ncmi.israel.representative@gmail.com](mailto:ncmi.israel.representative@gmail.com)